



Å lansera besøksmål i tilknytning til nasjonalparken har ikkje noko med vern å gjera.

Det presiserte Svein Opdal (biletet) frå kommunen under det opne møtet i Gamleskulen tysdag kveld.

Eit besøksmål kan vera så mangt - frå ei heil bygd til ein attraksjon.

Ein opererer med 4 kategoriar besøksmål: Naturfaglege verdiar, kulturverdiar, rekreasjonsverdiar og næring. Steinparken i Rosendal er eit døme på det første, prestegarden same staden på det andre, Bondhusdalen på det tredje og lokal mat det fjerde.

Som aktuelle stikkord i Uskedalen og som tilseier at vi skal bli besøksmål kan nemnast Skorpo, Ulvanåso, turstigar, Bygdetunet Rød, Bøkkerverkstaden og Kapteinsgarden. Men det er godt mogeleg at til dømes Bøkkerverkstaden isolert sett kan bli eit besøksmål.

Opdal meinte at fleire av attraksjonane i vår bygd er kva han kalla underformidla.

Prosjektgruppa til Uskedalen Utvikling fekk oppmoding frå fylkesmannen om å laga eit forprosjekt for landskapspark og besøksmål i Uskedalen og fekk ei løyving på 30.000 kroner til det utan at arbeidet så langt har kosta noko. Pengane vil bli nytta til andre tiltak i bygda.

Leiar Kristian Bringedal la fram resultatet på møtet og presiserte at ingenting førebels er bestemt om innhaldet i forprosjektet. Det er så langt berre eit utkast. Dirk Kohlmann frå Fylkesmannen kom med denne attesten: - Dykk har allereie gjort ein fantastisk jobb.

Av Ola Matti Mathisen